

## Radøydialekten, ord og uttrykk.

**Aftes**, I aftes. I gårkveld.

**All verene**. All verda. Eks: Kor i all verene har du tenkt deg i dag?

**Alur**. Sjau og spetakkel.

**Andøva**. Halda båten på same staden.

**Atteberå**. Straumen tett ved land. (B. Kvalvik)

**Apal**. Epletre.

**Badl**. Ball. Viktig nyanse: badlane = tekstiklane, medan andre ballar vart kalla ballane t.d. fotballane.

**Badn**. Barn. Fl. **bodn/bødn**.

**Badnsbein**. Barndom.

**Badnsfakte**. Barnefakter.

**Bala**. Streva. Kava med

**Baska**. Kava .

**Bekar**. Beksaumsstøvel, oftast nytta til skisko.

**Bilde**. Bilete

**Bere**. Berre

**Berrføtt**. Barfot

**Beskøyte**. Tørka brød nytta til mat.

**Beslag**. Hengsle til dør eller vindu. Heimelaga betongmørtel.

**Besten**. Bestefar også kalla besse.

**Bestå**. Bestemor.

**Bidne**. Kar til å ha ting i.

**Bila**. Brei øks spesiallaga til tømmerarbeid. Betyr òg å køyra bil.

**Bislag**. Inngangsparti i hus. Første rommet.

**Blenja**. Halvsur mjølk som surnar i kaffien.

**Bløgga**. Slakta fisk.

**Bok**. Bøygda som bok-bokja-bøk-bøkna.

**Bomma**. Kakeboks, hestedrag.

**Brakje**. Einebusk. Mange stader i Nordhordland kalla **sprakje**.

**Breitla**. Gras breidd ut på marka til å tørkast.

**Brekka**. Bakke.

**Bridle**. Brille

**Bringå**. Brystet.

**Brok**. Bukse.

**Brokelaus**. Bukselaus.

**Brya**. Kar til å ha dyrefor i. Oftast til gris; grisebrya.

**Brykkja**. Venda og vri. Driva på ukritisk.

**Bryt**. Drag i sjøen oppetter land eller eit skjer. (K.Risnes)

**Bryta**. Dyrka ny jord.

**Brytehakje**. Dyrkingsspade.

**Bræla med**. Skjemma bort.

**Brælunge**. Ein bortskjemt unge.

**Brøsma**. Brosme.

**Brøstne**. Brotne. Brøstne greiner, brøstne kar.

**Brøte**. Brotet.

**Bråna.** Smelta.

**Bua.** Butikken. Meir nytta i Øygarden enn på Radøy?

**Busa ut.** Snakka før ein får tenkt seg om.

**Bussen.** Garnet mellom flåden og gruden. (K.Risnes.)

**Bydn.** Byen Bergen.

**Bæra.** Kalva

**Bærekviga.** Kviga som snart kalvar eller har nett kalva.

**Bærekyr.** Ku som snart skal kalva eller har nett kalva. J.fr. **nybæra**

**Bøbben.** Nattleg utysje for å skremma ungane inn når mørket kjem.

**Bø-garden.** Gjerdet mellom innmark og utmark.

**Bøle.** Bol

**Bøløkk.** Finna nyfødde lam på bøen. Ofte premiært med eit egg for kvart lam.

**Børetau.** Tau til å bera bører med, oftast høybører.

**Børk.** Bork

**Børtøg.** Børetau. (K.Risnes)

**Bøs.** Bos. Tyder òg sint, oppfarande. "Han var svært så **bøs** då me snakka med han."

**Da.** Det

**Dadne.** Denne om noko som er litt borte. Hokj. **dadna**

**Dajen.** Dagen.

**Daska.** Slå. J.fr. daska til.

**Datta.** Det der om noko som er litt unna. (jf. engelsk **that**)

**Dedne.** Denne om noko som er nært. Hokj. **dedna**.

**Denja.** Pryla.

**Detta (ditta)** Det der om noko som er nært. (jf. engelsk **this**)

**Didla.** Småkosa. Også dyr som ristar på rova.

**Dilta.** Gå etter.

**Ditt for ein datt.** Det eine for det andre.

**Djupnæ.** På djupet. (K.Risnes)

**Dåktarsupa.** Havresuppe, god og næringsrik.

**Dona.** Leika. (B Hervik)

**Dott.** Bæsj, avføring frå folk.

**Draga rondt.** Sladra.

**Dralt. (dalt)** Bortskjemt unge, t.d. mammadralt.

**Dryla.** Kasta/spenna bort med stor styrke.

**Drøgsle.** Noko me dregst med eller dreg på.

**Døvesekkja.** Hengemyr.

**Døvrast.** Døyvast, roa seg.

**Eitel.** Kjertel. Fl. eitlar. Også nytta som skjellsord om ein pågåande, plagsam fyr.

**Eldmørja.** Glohaug.

**Enne.** Eller. (K.Risnes)

**Fara idla.** Verta øydelagt.

**Fara åt.** Gjera, med negativt forteikn.

**Farr.** Kar. Forsterkande ord. " Jf. seier du det, farr!"

**Fatle.** Klut til å binda om. Døme. Han gjekk med den brotne armen i fatle.

**Fattiglus.** Nærmast skjellsord om ein som eig lite.

**Fegda.** Dødsbodskap. I folketrua gjerne nytta om teikn i naturen. T.d. Ein fugl som flyg mot vindaugsruta, el. to aks som ligg i kors på åkeren.

**Feisel.** Spesielslegga til å slå minebor med.

**Fetla.** Binda om

**Fidla.** Klut t.d. vaskefidla.

**Fikla med.** Rota med noko ein ikkje får orden på, eller noko som ein ikkje bør røra.

**Fjelga.** Ordna.

**Flan.** Meir enn normalt gutegalen jente. Nærmast skjellsord.

**Fleisen.** Ansiktet.

**Flor.** Fjøs

**Florsstedl.** Fjøsstell

**Flyga.** Brunstig kyr.

**Flædna.** Flytekorken på garn. (K. Risnes)

**Flåden.** Flytelina på garnet. (K. Risnes.)

**Fjelga.** Rydda, ordna til.

**Flokje.** Oftast om fiskesnøre som er rota til.

**Fløkja.** Skapa ugreie t.d. i fiskesnøre.

**Fløyg.** Tretein til å snu baksten med.

**Forhøven.** Giddalaus, kvidafull.

**Fregare.** Finare. Meir skikkeleg.

**Frøkkel.** Forklede.

**Fuggel.** Fugl.

**Furta.** Vera fornerma. (førta ?)

**Føra.** Furu.

**Førkja.** Jentunge. Jf. "førkjonge"

**Føtna.** Føtene. Fot-foten-føt-føtna.

**Gadn.** Garn.

**Galte.** Råne, hanngris.

**Gange.** Gåing.

**Gasta.** Flink, vellukka. Som i "ein gasta kar"

**Gjakel.** Gjeksel.

**Gje.** Gått. Har gje heim att = Har gått heim att.

**Gjedla.** Kastrera.

**G(j)eil.** Krøttersti

**Gjellkyr.** Ku som ikkje mjølkar.

**Gjøna** etter. Higa etter, oftast om dyr som gjøner etter nytt beite.

**Gjøta.** Foringskrybbe til dyr.

**Glegja seg.** Skadefryd.

**Glip.** Fangstreiskap til å fanga mort i.

**Glipa.** Opning i trevegg, også nytta som verb om å fanga mort.

**Glugjen.** Gluggen.

**Glup.** Flink, over normalt evnerik.

**Glømsjen.** Gløymer lett.

**Gnali.** Tørka brød jf. beskøyte. Frå Risnes Radøy.

**Gnall.** Let. Som i "Det gnall ikkje i han!"

**Gnollisar.** Tørka brød.jf. beskøyte. Frå Kviste Radøy

**Goa.** Gode. Eks. Eg håpar potna e goa.

**Gotta seg.** Skadefryd på andre.

**Grabsen.** Litt høge bølger på sjøen. "Han var grabsen i dag!"

**Greiå.** Etterburd hjå dyr.

**Gruden.** Botnlina i garnet. (K.Risnes)

**Grudnå.** På grunnare sjø. (K. Risnes)

**Gruggjen.** Morgontrøtt, morgonsvimete.

**Gullerøt.** Fl. gulrøter.

**Går.** Sau som er i brunst.

**Habmar.** Verktøyet hammar, men og fjellknaus.

**Hajen.** Hagen.

**Han e tå aust.** Det bles frå aust. Tilsvarande frå andre himmelretningar, men **Han e på vest.** Jf. frålandsvind og pålandsvind.

**Hakje.** Spade.

**Halvsjøa.** Midt mellom flo og fjære. (K. Risnes)

**Halvtekkja.** Delvis innebygd skur, oftast med tak, men utan vegger.

**Handøvla.** Stokk eller anna til å slå med.

**Harkjen.** Ujamn, ru.

**Hattel.** Hassel.

**Hatlenet.** Hasselnet.

**Haua seg.** Sjøen stig nett før det bryt på ei grunna. (K. Risnes)

**Havande.** Noko som er bra å ha.

**Hausa.** Piska opp som i hausa opp stemninga.

**Heisen.** Svært mykje, voldsom. Inkj. heise

**Helledussen.** Uttrykk for noko dumt og litt spektakulært.

**Hengjen.** I uttrykket "hengjen eller sprengjen", ingenting eller alt,

**Henna.** Hendene. Hann-hanna-henn-henna.

**Henne.** Kor

**Hes.** Hesje.

**Hespetre.** Trevinna til å hespa garn på. Oftast nytta som skjellsord på folk ein er skikkeleg arg på.

**Hevnekrok.** To syskenpar som er gift. (B.Hervik)

**Himmelføk.** Snøføyke frå nedbør.

**Hjortekodla.** Hind.

**Hodl.** Bøygde grein spesiallaga til å strama boretuet i. Betyr og **god og feit.** "I godt hodl."

**Honn og hane.** Kven som helst.

**Hopehav.** Ha noko i lag med. Mellomvere.

**Hua.** Lue.

**Hyppa.** Rasta poteter el. Grønsaker.

**Hyppeplog.** Plog til å hyppa med. Dregen av ein mann, styrt av ein annan.

**Hødlen.** Halden som i "ein halden mann".

**Høl.** Djup dam eller ein stad i elva som er særleg djup. jf. Djuphølen

**Høns.** Høne, eintal

**Høve.** Hovudet.

**Høvve.** Del av hestesele, over herda til hesten.

**Høyen.** Haugen

**Håtta.** Hugsa.

**Idl.** Sint, forarga.

**Ilt.** Vondt.

**Ister.** Innvolsfeitt hjå sild.

**Jedna.** Gjerne.  
**Jepa.** Liten pram.  
**Jeraftes.** Gårkveld  
**Jere.** Gjerde.  
**Jerepåle.** Gjerdestokk.  
**Jerføk.** Snøføyk frå bakken.  
**Jerkvedl(e).** Gårkveld.  
**Jimmer.** Årsgamal sau.  
**Jønå.** Gjennom.  
**Jåletaskå.** Toalettveske. Av nyare dato pga. at slike vesker fanst ikkje i gamal tid.  
**Jår.** Som i **jår.** I går.  
**Kakemongs.** Kakemons.  
**Kammers.** Lite rom i huset. Oftast soverom.  
**Kar.** Kor  
**Kava.** Bala på, arbeida hardt.  
**Kattepidne.** Uteleik med ein tilskoren pinne med ulike verdiar op kvar side.  
**Ken.** Kven.  
**Kipen.** Hoppande glad. Kry.  
**Kjedla.** Kjella.  
**Kjedlar.** Kjellar  
**Kjerkjå.** Kyrkja.  
**Kjøken.** Kjøkken.  
**Kjæra seg.** Klaga seg.  
**Klakje.** Tele, frost i bakken.  
**Klysa.** Spytt  
**Klyva.** Kliva. Klatra.  
**Kløpp.** Lita bru.  
**Knabb.** Liten, tettbygd, kraftig kar.  
**Knerøte.** Vondt i knea, ofte som etter overbelastning, mykje arbeid, mykje gange osv.  
**Knubben.** Lubben.  
**Knusk.** Heilt tørt. Også "**knusk tørt**"  
**Knørr.** Heimabrygg.  
**Knåbadl.** Innpåsliten kar.  
**Kodn.** Korn, også nytta om kjønnsorganet til små gutar, **kodne**  
**Koka.** Fiskemåltid rett frå sjøen. Koka-kokå-koke-koke

**Korso,** el. **so korsor.** Likevel  
**Krafsa.** Klora, grava.  
**Krakka.** Setje opp torvmolar til tørk. Også substantivet **ei krakka.**  
**Krank.** Sjukleg.  
**Kregdå.** Meslingane.  
**Kreti og pleti.** Kven som helst.  
**Krik.** Krok  
**Kromp.** Ramn. (B. Hervik)  
**Kruslen.** Litt skranten og i skrøpeleg dagsform  
**Krøbba.** Heimelaga kjelke, ofte stor og tung.

**Krøkjén/Krukjen.** Krokete, også småsjuk.  
**Kråna seg.** Friskna til.  
**Kvedn.** Kvern  
**Kvednkadl.** Kvernkall  
**Kvednestein.** Kvernstein  
**Kvednevatten.** Kvernvatn.  
**Kvetel/fl. kvetlar.** Ullteppe.  
**Kyr.** Ku eintal.  
**Køle.** Kulde.  
**Labbeleisten.** Gå på berre sokkane utan sko. Sokkeleisten.  
**Lakalyr.** Dovenslask.  
**Lakebrent.** Kjøtt/fisk som er blitt harsk(t) i saltlake.  
**Lakhet.** Sjukdom.  
**Lau.** Lauv.  
**Leddik.** Siderom i kista.  
**Leistar.** Labbar.  
**Lessdagå.** Bry seg om. Oftast i nekting "ikkje lessdagå", ikkje vis interesse, ikkje bry deg.  
**Lite grann.** Litt  
**Ljoa.** Oppattvekst av gras etter slåttén.  
**Ljøs.** Lys  
**Lubbesill.** Tørka sild.  
**Ludnane.** Båtopptrekkstaden ved naustet.  
**Lurendreiar.** Skøyar, tøysekopp.  
**Lurk.** Trestokk  
**Lykjel.** Nøkkel. (B. Kvalvik)  
**Lynga.** Slå lyng til før  
**Lyt.** Må  
**Løk.** Lok.  
**Løkt.** Lykt.  
**Lørk.** Giddalaus kar som lite gjer.  
**Løvang.** Langkost.  
**Løye.** Rart, betyr også leven som i "lått og løye".  
**Långa.** Lange(fisk)  
**Majén.** Magen.  
**Marebakkjen.** Brådjupna. (K. Risnes)  
**Marispene.** Ekstraspené utover fire hjå kyr, to hjå sau.  
**Markja.** Marka.  
**Maula.** Eta berre pålegg. Truleg ord som har kome inn frå austnorsk. Jf. **Du må ikkje maula osten.**  
**Me.** Landemerke på sjøén.  
**Me.** Vi. Ordet "me" er eit av dei sterkaste berarane av radøydialekten.  
**Midla.** Jamna såbedet fint utover med rive.  
**Mikkjelsmøss.** Mikkelsmesse.  
**Mjélk.** Mjølk  
**Mjélkebøtta.** Mjølkébytte.  
**Mjélkekrakk.** Mjølkékrakk.  
**Mjélkespann.** Mjølkéspann.

**Mòle.** Ein bit av, eit stykke. T.d ein torvmòle.  
**Mongs.** Særnamnet "Mons".  
**Mongsleisna.** Mangeleis.  
**Morjen.** Morgon.  
**Morr.** Kvinnfolk.J.fr. farr.  
**Motebakkje.** Motbakke.  
**Motevind.** Motvind.  
**Motør.** Motor. Trykk på siste staving.  
**Motørbåt.** Motorbåt.  
**Musebøle.** Musebol.  
**Musefedla.** Musefella  
**Musegjedlar.** Liten, skarp kniv.  
**Mydlå.** Mellom. (K.Risnes)  
**Møtting.** Gjødselkjellar for husdyrgjødsel.  
**Måfåbidne.** Eigentleg eit kjerald(eit kar) der ein kastar ting frå seg litt tilfeldig. Mest nytta om personar med lite tiltak og lita evne til å ta seg til noko fornuftig.  
**Nakjen.** Naken.  
**Naugg.** Lite hol t.d. i eit kleplagg.  
**Neføre.** Nedfor/ lei seg.  
**Nekkja.** Innvollsfeitt.  
**Nerk.** Det var nerk i karen. Tyder livsvilje og tiltakslyst.  
**Non** eller **nons.** Ettermiddagsmat, oftast ca. kl. 16.00  
**Norå.** I nord.  
**Noråkuling.** Kuling frå nord.  
**Noråvinn.** Nordavind.  
**Nøste.** Naustet.  
**Nøva.** Hushjørnet. Gjeld også fjellknausar.  
**Nybera.** Ku som nett har kalva.  
**Nyve.** Setja ansiktsuttrykk. Sjå morsk ut.  
**Okselarkje.** Liten okse.  
**Onje.** Unge. Bøygd som: onje, onjen, ongar,ongane.  
**Onjefakte.** Barnefakter.  
**Onkarsle.** Eit eller anna.  
**Onkarleis(na).** På ein eller annan måte.  
**Onkarsidne.** På eit eller anna tidspunkt.  
**Onkarstad.** Ein eller annan stad  
**Onnabakkje.** Nedoverbakke.  
**Onnavind.** Medvind.  
**Onnebreitla.** Strø under dyra.  
**Onnebrok.** Underbukse.  
**Onnehuset.** Kjellaren under floren/høyløa. Ofte nytta til dyrerom for sau eller høns.  
**Onnelag.** Underlag.  
**Onneliv.** Klesplagg til å festa sokkane i.  
**Oppegånga.** Kav og mas.  
**Ormebøle.** Ormebol  
**Ovundsjuk.** Misunneleg.  
**Padna.** Panne, gryte.

**Paper.** Lang a og trykk på første staving. Papir

**Peis.** Avbroten grein t.d. til å jage dyr med.

**Pidne.** Pinne.

**Pikkandes liten.** Ein dram.

**Pikkeliten.** Svært liten

**Pikkelur.** Penis til liten gut.

**Pikk og pakk.** Mange rare ting. Alt saman.

**Pikk og pø.** Mange rare ting. Alt saman.

**Plagånn.** Ein som plagar andre.

**Pløja.** Pløya. Ulikt på ulike stader på Radøy.

**Plå.** Pleier

**Pota.** Potet. Bøygd som pota,potå,pote,potna.

**Potebinje.** Potetbinge.

**Potegreip.** Potetgreip også **potegrev.**

**Potekasse.** Potetkasse.

**Potopptakar.** Potetopptakar.

**Potåker.** Potetåker.

**Pottesur.** Gretten og grinete.

**Putla.** Pusla.

**Pølsevev.** Tull og tøys.

**Pørka.** Purke. Hogris.

**Påk.** Liten stokk, pinne.

**Rabbagast.** Liten fantunge. Positivt lada uttrykk.

**Radla.** Prata lausprat.

**Rakafant.** Heilt blakk.

**Rakekniv.** Barberhøvel.

**Rapa ned.** Detta ned.

**Raspebadl.** Raspeball.

**Raun.** Rognetre.

**Redna.** Renne som takredna, møkaredna.

**Rela.** Laga grasrelar av høy som ligg til tørk på bakken.

**Reven.** Riven.

**Rikla.** Ruska i, betyr og ulyd i bronkiane. "Rikla for bringa"

**Riving.** Riva lyng og brake t.d. til jonsokbål.

**Ro.** Ujamn slipeegg på ljå.

**Rodla.** Sladra.

**Rolsa.** Prata om laust og fast.

**Rong.** På vranga. Også feil som **å svelja rongt.**

**Rongja.** Bak i robåt.

**Ror.** På ror. På fiske på sjøen. (K. Risnes)

**Ru.** Vårull.

**Rua.** Klippa vårull, også uttrykk for å klippa folk.

**Rubbel.** Alt. Som i "rubbel og bit."

**Rubme.** Lasterommet på båt.

**Rutebil.** Buss.

**Rutla.** Rusla

**Rølkepølk.** Gutelark med anlegg for furting.

**Røttebøle.** Rottebol.  
**Røttefedla.** Rottefella.  
**Røttå.** Rotta.  
**Rygjalakhet.** Vondt i ryggen.  
**Rångå.** Vranga.  
**Sekkja.** Blautmyr, gjerne myr som flyt på vatn.  
**Selepidne.** Til å festa bommane til hesteselen.  
**Sidl.** Sild.  
**Sidlafisje.** Sildefisket.  
**Sidlaslog.** Sildeslog.  
**Simpelam.** Lam hokjønn.  
**Sirap.** Sirup  
**Sjanghaia.** Overta på ein lettvin og rask måte.  
**Sjappa.** Litt luguber handlestad.  
**Skarv.** Sjøfugl, men også nytta som skjellsord på ein kar ein er galen på.  
**Skarvefakte.** Rakkarskap.  
**Skav.** Bark som vert skava av tre.  
**Skava.** Barka.  
**Skavekniv.** Barkekniv.  
**Skjelta.** Skjelva.  
**Skjeneflor.** Uteflor/beiteflor. Skjelterhus for dyr på beite.  
**Skjetonje.** Liten unge. "Snåttonje" er endå mindre.  
**Skjeva.** Brødskive.  
**Skjodna.** Verbet skjodna tyder å arbeida på med fart og futt. Vert òg nytta som substantiv, **ei skjodna** er ei som driv på med futt og fart slik at det går litt over stokk og stein.  
**Skraggjen.** Han såg skraggen ut. Tyder at han var gamal, skrøpeleg og ruskete.  
**Skreia.** Renna på kjelke.  
**Skreiebakkjen.** Akebakken.  
**Skråma.** Ilanddrive tang og tare. Også nytta om tang og tare som flyt i sjøen.  
**Skukkjen.** Lemmen på løa.  
**Skuten.** Inngangspartiet av huset. Første rommet. Også kalla bislag, skur, stupen m.m.  
**Skvettbord** på båt. (K. Risnes)  
**Skykkja.** Tilbygg til hus oftast med enkelt skråtak.  
**Skykkjeskukken.** Lemmen på skykkja.  
**Skøla.** Skylja.  
**Skørfesta.** Stå fast på berghylle.  
**Skøta.** Ro andre vegen, baklengs.  
**Skøten.** Framme/bak på robåt. (K. Risnes)  
**Skåre.** Grassamling etter slåmaskina.  
**Slabedask.** Likesæl person, upåliteleg.  
**Sladont.** Likesæl person.  
**Slaps.** Våt snø.  
**Slask.** Slaur.  
**Slaurefakte.** Tullfakter.  
**Slaureskap.** Ringt utført arbeid.  
**Slafsa.** Grava mat i seg. Grisen slafsar i brya.  
**Sle.** Slede

**Sliktslag.** På same måte. Likt.

**Slusjen.** Uteliggarane, fellesnamn på gruppa.

**Sløk.** Vassrenne.

**Smale.** Sau i fleital. I eintal oftast kalla eit smalebeist.

**Smotta.** Mora seg og le, - helst av andre.

**Smørja.** Samanblanding av likt og ulikt.

**Snablar.** Snabelskeiser.

**Snak etter.** Lysten på/Opplagt til.

**Snauta.** Snubla

**Snjo.** Snø.

**Snjobadl.** Snøball.

**Snjomann.** Snømann.

**Snørrvase.** Overlegen blei.

**Soplim.** Feiekost.

**Sosekopp.** Rotekopp.

**Spjon.** Spjåk.

**Splint.** Tater. Også stålnagle.

**Spø`ra.** Galspringa. Oftast om dyr.

**Spøt.** Strikketøy

**Spøta.** Strikka

**Spøte.** Strikkepinnar.

**Stadle.** Plattform

**Stebmegar.** Stemmegard.

**Stedla.** Stella

**Stedling.** Plattform

**Steiden.** Garnsøkkjene. (K. Risnes)

**Steikjepadna.** Steikepanne.

**Steinjere.** Steingard.

**Steinsle.** Slede til å dra stein på.

**Stjorna.** Styra og stella. Kommunen vart stundom nemnt som **stjorni**.

**Stratt.** Gamal, inntørka plante. Også nytta om eldre, sjukelege karar som var i ferd med å tørka vekk.

**Snipp.** Ein snipp av eit jordstykke. Tyder ein smal liten bit av eit stykke jord.

**Stendig.** Velståande, betyr òg stadig.

**Stjedna.** Stjerna.

**Strekkje.** Endefeste på ei hesje.

**Strekkjepåle.** Stokken til endefestet.

**Strekkjestreng.** Strengen til endefestet.

**Stong.** Stang.

**Storemannen.** Folkeleg uttrykk for Gud også kalla Vårherre.

**Stubbebrytar.**

**Stupen.** Inngangspartiet av huset. Første rommet. (Eg har uttrykket frå Øygarden)

**Støæ.** Støa, ved naustet.

**Støvande.** Svært hyggeleg, veldig grei. Som i ein **støvande** kar.

**Submar.** Sommar

**Sulemitten.** Eigentleg gamal nemning på eit militært område. No mest nytta i sambindinga **"heile sulemitten"** som tyder alt i hop, eller alle saman.

**Surhå.** Silofor.

**Surkla.** "Surkla for bringa." Tyder også vatn som renn sakte i liten bekk. Sleva.

**Sutla.** Søla. Leika med vatn. Også nytta om drikkfeldig person som "driv og sutlar"

**Sviming.** Ein tankelaus fyr.

**Søkkjande.** Veldig, som i uttrykket "**søkkjande god**"

**Søltetøy.** Syltetøy.

**Sydnå.** Frå sør, i sør.

**Sydnakuling.** Kuling frå sør.

**Sydnåvinn.** Sønnavind.

**Sø.** Kokevatn til poteter og grønnsaker. Potesø - gulrotsø.

**Sæta.** Laga høysåter. Laga torvkrakker.

**Såpote.** Settepoteter. Også "**poteså**".

**Taletrengt.** Snakkesalig.

**Tatte.** Spene eller brystvorte.

**Taus.** Tjenestejente.

**Tèdna.** Lang e. Tærne.

**Tedna.** Kort e. Tennene.

**Tedna.** Terna. fugl

**Tere.** Litt. Mest bruka i nekting "ikkje tere" = ingen ting

**Terre.** God tørk som i hesjeterre, høyterre.

**Tese.** Gummisko oftast utan snøring.

**Tikken.** Leik(sisten)

**To.** Berghylle.

**Tofast.** Fast på berghylla. Oftast dyr. Skorfeste.

**Tong.** Tang. Verktøyet tang, og sjøplanta.

**Trasig.** Litt leitt, kan òg bety kjedeleg.

**Trave.** Stakkarsleg fyr, også klut til å binda om sår.

**Travelarkje.** Skikkeleg stakkarsleg person. Sterkare enn **ein trave**.

**Traust.** Stødig, påliteleg.

**Trotten.** Uthaldande. J.fr. **trottig**

**Tusjen.** Litt uvel, småsjuk, dårleg dagsform.

**Tussete.** Tøvete, betyr også "heilt vilt".

**Tusseladd.** Ekkel tøysekopp.

**Tusselus.** Skrukke troll.

**Tussen.** Radøytrølet, underjordisk uvette også brukt nedsetjande om utplasserte mannlege psykiatriske pasientar, jf. **Tusså** for kvinnelege.

**Tuttle.** Ukonsentrert, lettgløymd.

**Tykkjen.** Fornerma.

**Tølma seg.** Ha tålmod.

**Tørv.** Torv

**Tørve.** Torvonna oftast i mai mnd.

**Tørvbakkjen.** Bakken der ein tørkar torv.

**Tørvhakje.** Torvspade.

**Tørvhus.** Torvhus til å lagra torv i.

**Tørvhøl.** Også tøsker. Staden der ein spadde torv. (skar torv)

**Tørvmøle.** Torvmole. Eit stykke torv.

**Tørvvei.** Torvveg.

**Tøsjen.** Dum

**Tøtta.** Jente/kvinne med tiltak og tæl. Kunne òg vera nytta som skjellsord om ei som tok seg vel mykje til rette på eiga hand.

**Tå.** Av. Ga tå bussen = Gå av bussen

**Tåsos.** Fotsvette.

**Tadn/todn.** Tann.

**Tagje.** Pågåande, plagsam fyr. Plageånd. Også brukt om sinte oksar/verar.

**Taskå.** Veska, baggen.

**Tjødn.** Tjørn.

**Torvhakje.** Spade spesielt laga til å skjera torv med.

**Torvmøle.** Stykke av brenntorv.

**Torvhøl.** Stad der ein tek torv.

**Trau.** Trekar helst til baking, bakstetrau.

**Trova.** Fiskestang, også fisketrova.

**Tykkjen.** Fornerma.

**Tøsk.** Torsk.

**Tøsker.** Torvhøl.

**Uhamsleg.** Ustelt, men like ofte nytta om noko som er vanskeleg å få tak på p.g.a. form.

**Ulja.** Olja

**Uljeboksa.** Regnbukse.

**Uljefat.** Oljefat.

**Uljefrakkje.** Regnfrakke.

**Uljehyra.** Regnklede.

**Uljetrøya.** Regntrøya.

**Vadla.** Leggja torv til tørk på bakken.

**Vadlesletta.** Sludd.

**Valen.** Frostig, Kjenslelaus av frost.

**Vanhjelpen.** Hjelpelaus

**Vasa.** Preika tull.

**Vasekopp.** Ein som preikar tull.

**Veit.** Grøft.

**Vet`kje.** Veit ikkje.

**Vette.** Vottar.

**Vimpel og pidn.** Pinneleik med ein stor pinne og ein liten (vimpelen)

**Vindfloge/vindrøse.** Vindflogene kom hylande framom nova. Tyder sterke vindkast.

**Visvas.** Tull og tøys. Berre tull. Ek.s "dette/det er berre visvas".

**Vitra.** Leia veren på jakt etter brunstige søyer.

**Vitrever.** Veren som vert brukt til å vitra med.

**Vitta.** Vinda t.d. streng på ei sule.

**Vodl.** Voll som jordvoll.

**Vondel.** Liten bunt høy til krøtter

**Vøla.** Ordna, reparera. Også som substantiv, ei vøla, uttrykk "Den vøla og den vanvøla."

**Våla.** Rauta kraftig.

**Øffer.** Omgangssjuka.

**Ølka og pølka.** Furta kraftig og lenge.

**Økt.** Arbeidsstund.

**Øren.** Svimmel.

**Ørje.** Aure, ørret.  
**Ørslete.** Ukonsentrert også svimmel.  
**Ørvelta.** Kvelva på rygg. Sau som ligg i ørvelta.  
**Øsp.** Osp.  
**Øve.** Over.  
**Øvedotten.** Stekt forundra.  
**Øvegøven.** Forundra.  
**Øverens.** Samde. Enige.  
**Øvevaksen.** Overvaksen, om planter som dekker større område.  
**Åbidne.** Særsyn.  
**Åbite.** Frukost.  
**Åkermøle.** Åkerlapp  
**Åkerreine.** Kanten av åkeren, mot enga rundt.  
**Ålvelta.** Sjå ørvelta. (K. Risnes)  
**Ånna på.** Driva på. Skunda seg for å bli ferdig.

Stadnamn på Radøy.  
Rainæ. Radøy  
Røssneset. Rosnes  
Vidlong. Villanger  
Norong. Nordanger  
Hauland. Haugland  
Listveitn. Listveiten.  
Kvalem. Kvalheim  
Nere Kvalem. Nedre Kvalheim.  
Greneim. Grindheim  
Daland. Dalland  
Flonæ. Flona  
Tøska. Toska  
Månger. Manger  
Børkjeland. Birkeland  
Mørkjen. Morken  
Kølste. Kolstad  
Ølvatn. Ulvatn.  
Lonne.Lunde.  
Holå. Hole  
Sæbe. Sæbø  
Haustå. Haugstad  
Lervikja. Lervik  
Hadland. Halland  
Nese. Mangersnes  
Øyna. Mangerøy  
Mångersvåjen. Mangersvågen  
Hedla. Hella  
Hedlanese. Hellaneset.  
Bøvåjen. Bøvågen  
Vallersnese. Valdersneset.

Jere. Gjerde  
Slettå. Sletta  
Nøtlevåjen. Nøtlevågen  
Askelandsnese. Askelandsneset.  
Bognå. Bognøy  
Fesøyna. Fesøy  
Marøyna. Marøy  
Mykjing. Myking  
Tjorå. Tjore  
Vettås. Vetås  
Nøttvedt. Nøttveit, Nødtvedt  
Solen. Solend  
Tødles. Tolleshaug.

Uttrykk:

Det er fleire flekkete hundar enn presten sin.  
Det kjem nok hund i hunds plass.  
Han rir ikkje same dagen han salar.  
Det er ikkje gull alt som glimar.  
Du skal høyra mykje før øyro dett av.  
Eplet og makkjen har same smakjen.  
Eplet dett sjeldan langt frå stammen.  
Same kor du snur deg, e reva bak.  
Er du med på leiken, får du smaka steiken.  
Like barn, leikar best.  
Nokon likar mora og nokon dotera.  
Kastar du stein, kjem han att.  
Da legg seg åt.  
Da et på seg.  
Han e noko på "–ron", enten baron eller lasaron. "Mora om sonen som har reist til bydn."  
Den som får alt han ser, må gråta når andre ler.  
Den du ikkje kan få, nyttar det ikkje å tenkja på.  
Etter den søte kløe, kjem den sure svie.  
Det er sjeldan plass til to store høns i same korga.  
Hav skal haustast med hov og hand, med forstand. "Gunnstein Kolstad"  
Da tena so. = Det er nok no.  
Me seie so. = Det er greitt, OK.